



norconsult

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/9610 - 25/51207	Synnøve Valle - 712 80 239	09.04.2025

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Kjøsaplassen - gbnr 41/12 - fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av regulering for Kjøsaplassen. Føremålet er å regulere ny tilkomstveg til bustadfeltet Plassane som er under utbygging og nye bustadtomter på gbnr. 41/12. Innafor planområdet er det etablert midlertidig anleggsveg frå fylkesvegen til Plassane. Denne vegen ønsker ein å gjere permanent gjennom reguleringa.

MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSELET OG INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Jordvern

Planområdet er registrert med 7,5 dekar fulldyrka jord. Det er allereie etablert mellombels anleggsveg gjennom området. I kommuneplanens arealdel for Hareid (2012) er området regulert til spreidd bustadbygging. I føresegnene i kommuneplanen heiter det: «Det bør ikkje byggjast på dyrka jord. Frådeling må ikkje forringe arronderinga på jordbruksareala. Nye bustader bør definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal.»

Vi minner om at jordvernet er skjerpa inn både på nasjonalt og regionalt hald og at kommunane er oppfordra til å gjere meir for å redusere nedbygging av matjord.

Vi rår til at det blir utarbeidd ein plan for handtering av matjorda. Handboka «Jordmassar – frå problem til ressurs» beskriv mellom anna korleis matjord skal behandlast ved uttak, mellomlagring og gjenutlegging.

Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla danner grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging.

Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Vassforvaltning har ein tydeleg plass i [«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027»](#). I 2019 kom [nasjonale føringar for vassforvaltninga](#). Her er det lagt tydelege føringar for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatt og landbruk m.m. I tillegg skal vassforvaltning bli ivareteke i kommunal arealplanlegging der det går fram av føringane at «Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale arbeidet i vannområdene er et viktig grunnlag for det påfølgende regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forurensning. Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionutvalget og særlig arbeidet i vannområdene.»

Planområdet går inntil bekk. Det er viktig at vassdraget vert ivareteke i planen. Inngrep som retting og lukking av vassdrag reduserer miljømessige verdiar i eit vassdrag, men kan også redusere evna til å handtere flaum og klimatilpassing. Reguleringa må ta vare på vassdragsmiljøet, og sikre god overvasshandtering.

Universell utforming

Omsyn til universell utforming må komme fram i planføresegnene. Nærmiljø er ein viktig arena for lek, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å leggje til rette for auka sosial kapital. Nokre tips til mellom anna universelt utforma uteareal kan ein finne på KS sine heimesider:

- «Opparbeidet uteareal – universell utforming. Kartlegging, tips og råd»
- «Aktiv og sosial hele livet. Universelt utformede og aldersvennlige uteområder og møteplasser»

Barn og unge

Barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker. Omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge skal sikrast i planlegginga og i kvart enkelt byggjetiltak. Nesten all planlegging verkar inn på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Det er særleg viktig at planprosessar blir lagt opp slik at barn og unge får høve til å delta. Vi vil elles vise til rettleiaren «Barn og unge i plan og byggesak».

Planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og lek på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering.

Vi gjer kommunen merksam på at areal til lek må vere sikra i plankart og føresegner, og gitt funksjons- og rekkefølgekrav. Døme på slike føresegner er:

- Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk
- Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum benk og to leikeapparat.

Vi rår kommunen til å ha eit tidleg fokus på plasseringa av leikeareal i planprosessen, slik at ein kan unngå at ueigna rest- og kantareal blir avsette til dette føremålet.

Samferdsel

Innleiing

Formålet med planarbeidet er å regulere ny tilkomstveg til bustadfeltet Plassane (under utbygging) og nye bustadtomter på Kjøsaplassen (2-3 fleirmannsbustadar i to etasjar).

Fylkeskommunen gav løyve til midlertidig avkøyrsl frå fylkesvegen for etablering av mellombels anleggsveg under utbygging av bustadfeltet Plassane. Løyvet er gyldig til mars 2026. Kommunen ønsker no å gjere denne avkøyrsla og vegen permanent i tråd med vedtaket frå 1999. Det er positivt at det blir satt i gang reguleringsplanprosess når det no er aktuelt å stadfeste midlertidig situasjon (avkøyrsl).

Fylkesveg 5886 ved planområdet

Fylkesveg 5886 har her ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 2000 køyretøy og ei fartsgrense på 80 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse 3 – *mindre streng*, med ei generell byggegrense på 30 meter målt frå senterlinje fylkesveg.

Køyretilkomst frå fylkesvegen - avkøyrslar eller kryss

Midlertidig køyretilkomst blir definert som ei *avkøyrslar* (kopling mellom privat og offentleg veg). Dersom dette skal bli ein kommunal veg i framtida, vil køyretilkomsten bli definert som eit *kryss* (kopling mellom to offentlege vegar). Det er ulike krav til dei to køyretilkomstane.

Ulykkesrisikoen aukar sterkt med talet på avkøyrslar per kilometer veg. Kan andre køyretilkomstar frå fv. 5886 bli samordna og stengde ved etablering av ny permanent køyretilkomst?

Planomtalen må beskrive:

- Forventa mengde trafikk i køyretilkomsten og eventuelt type køyretøy
- Gjeldande krav (avkøyrslar vs. kryss) og om desse krava er/kan bli oppfylte, jf. N100, kap. 3.3. og 4.1.
- Samordning og eventuell stenging av andre køyretilkomstar frå fv. 5886

Planføresegnene må inkludere:

- Dersom det er behov for endra utforming av midlertidig avkøyrslar til permanent køyretilkomst (avkøyrslar vs. kryss), må det stillast rekkefølgekrav som sikrar endra utforming i samsvar med krav i normalar
- Føresegn som presiserer at køyretilkomst frå fv. 5886 skal etablerast/vere i samsvar med krav i Statens vegvesen sine normalar (N100 mv.).

Planføresegn og plankart:

- Planområdet må inkludere heile frisktsonene i kryss til fylkesvegen
- Frisktsoner skal ha eiga føresegn, samt bli talfesta, helst i plankart, eventuelt i føresegner.

Trygge ganglenker, skuleveg, busshaldeplassar og kryssingspunkt

Det er ein pågåande planprosess på nordsida av fylkesvegen, og plangrensene overlappar ved fylkesvegen. Busshaldeplassar og kryssingspunkt er eit tema òg i reguleringsplanarbeidet lenger nord. Fylkeskommunen (inkludert FRAM) si tilbakemelding til planprosess lengre nord vil òg gjelde for reguleringsplanprosessen for Kjøsaplassen. Utdrag, 27.03.2025:


Vegkart viser holdeplass på begge sider av kryss fv 5886-kv Raffelneset, samt en generell trafikkklomme i vestlig retning.

Det er usikkert hvor mye holdeplassen mot sentrum blir brukt, men holdeplassen i retning Hjørungavåg blir benyttet.

Fylkeskommunen (inkludert FRAM) er enig med kommunen i at det bør være bussholdeplasser på strekningen ved utbygging av næringsområdet på Raffelneset og to boligfelt på sørsiden av fylkesvegen.

Vi ber derfor kommunen vurdere om det må anlegges bussholdeplasser og hvor disse bør plasseres på strekningen, med tanke på eksisterende og eventuell ny bebyggelse/etablering (pågående planarbeid/utbygging) og sikre dette i videre planlegging.

Momenter i slik vurdering: hvor er naturlig tilkomst til holdeplasser (samt trafikktrygge ganglenker til holdeplass), fartsgrense og fartsnivå, sikt for buss og kryssende, ev. belysning, holdeplasser anbefales plassert etter kryss, venteareal utenfor kjørebane (N100, V123), mv. Siden fartsgrensen her er 80 km/t er fylkeskommunen/FRAMs holdning at det må anlegges bussholdeplasser på strekningen (ikke kantstopp).




Figur 1: Prinsippskisse for etablering av tosidig bussholdeplass. Rød pil viser kryssingspunkt.


Fylkesvegen si byggegrense (inkludert støy)

Fylkesvegen si byggegrense bør bli regulert i samsvar med «Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar», her 30 meter frå senterlinja. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen, inkludert støy.

Støy skal vurderast i samsvar med T-1442, og planforslaget må inkludere støysoner, føresegnar og eventuelle avbøtande tiltak. Byggegrensa må sjåast i samanheng med støysituasjonen ved planområdet, sidan gul støyson strekk seg utanfor den generelle byggegrensa på 30 meter. Byggegrensa må bli tal festa i plankartet og bør ha tilhøyrande føresegn.



Figur 2: Utklipp av vedlagt situasjonsplan som viser plangrensa.



Figur 3: Utklipp frå kart som viser fylkesveggenes generelle byggegrense.

Fylkesvegen sitt sideareal

Det ser ut til å vere uklare eigedomsforhold her. Vi ber derfor kommunen vurdere om dette bør klarleggast i samband med reguleringsplanarbeidet. Generelt skal fylkeskommunen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal langs fylkesvegen bli regulert til «anna veggrunn».

Fylkesvegens sikkerheitssone blir bestemt ut frå krava i vegnormal N101 og må bli vurdert i planomtalen. Eventuelle tiltak må bli stilt som rekkefølgjekrav i føresegnene.

Avrenning/overvatn

Det er viktig for fylkeskommunen at utbygging ikkje påverkar kapasiteten til fylkesvegen sine grøfter og stikkrenner negativt (avrenning/overvatn). Dette må bli vurdert i planomtalen, og eventuelle tiltak må bli stilt som rekkefølgjekrav i føresegnene. Sjå gjerne vegkart.atlas.vegvesen.no med kartlag «stikkrenne/kulvert».

Fråvik

Dersom planforslaget krev fråvik, må dette vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Uavklarte fråvik kan føre til forseinkingar i planprosessen. Kontakt gjerne Møre og Romsdal fylkeskommune ved spørsmål. For meir informasjon om søknadsskjema og rettleiing, sjå: [Korleis søke om fråvik frå vegnormalane \(mrfylke.no\)](https://www.korleis.no/søke-om-fråvik-fra-vegnormalane) og [Fravik fra krav i vegnormal | Statens vegvesen](https://www.korleis.no/fravik-fra-krav-i-vegnormal).

Vi ønskjer at planomtalen har ei oversikt over eventuelle avbøtande tiltak og/eller naudsynte fråvik i eit eige kapittel, eller opplysning om at fråvik ikkje er aktuelt for plana.

Automatisk freda kulturminne

I 2023 vart det gitt eit midlertidig løyve til avkøyrsløse mot fv. 5886 for anleggs og riggområde, i samband med reguleringsplan for Plassane. Kulturminnemyndigheitene vart ikkje kopla på i denne prosessen med tanke på avklaring knytt til fornminne gjennom arkeologiske registreringar, trass i at fylkeskommunen si samferdselsavdeling i brevet sitt 20.11.2023 skreiv følgande:

«Tiltakshaver har ansvaret for å undersøke eventuelle fornminner, naturreservat eller andre typer vern i forbindelse med arbeidet»

Då vegen no allereie er bygd, er det eit mindre område på kvar side av vegen som truleg ikkje er røyvd av tiltaket, men her vil vi stille krav om ei synfaring for å sjå omfanget av dette.

Planområdet på Kjøsaplassen ligg slik til at det er potensiale for automatisk freda kulturminne på området, både frå steinalder, bronsealder og jernalderen. Det vil derfor vere naudsynt å gjere ei arkeologisk registrering på arealet før vi kan godkjenne planen.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene våre over.

Jordvern:

- Vi minner om at jordvernet er skjerpa inn både på nasjonalt og regionalt hald og at kommunane er oppfordra til å gjere meir for å redusere nedbygging av matjord.

Vassforvaltning:

- Det er viktig at vassdraget vert ivareteke i planen. Inngrep som retting og lukking av vassdrag reduserer miljømessige verdier i eit vassdrag, men kan også redusere evna til å handtere flaum og klimatilpassing. Reguleringa må ta vare på vassdragsmiljøet, og sikre god overvasshandtering

Universell utforming:

- Omsyn til universell utforming må komme fram i planføresegnene.

Barn og unge:

- Vi rår kommunen til å ha eit tidleg fokus på plasseringa av leikeareal i planprosessen, slik at ein kan unngå at ueigna rest- og kantareal blir avsett til dette føremålet.

Samferdsel:

- Vi viser til merknadene våre som gjeld køyretilkomst, trafikktryggleik, byggegrense, sideareal, avrenning og fråvik og ber om at merknadene våre vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Automatisk freda kulturminne:

- Planområdet på Kjøsaplassen ligg slik til at det er potensiale for automatisk freda kulturminne på området, både frå steinalder, bronsealder og jernalderen. Det vil derfor vere naudsynt å gjere ei arkeologisk registrering på arealet før vi kan godkjenne planen.

Generell kommentar:

Vi gjer for ordens skuld merksam på at manglande vurderingar og/eller krav til nødvendige tiltak kan gi grunnlag for motsegn til planforslaget. Dersom det er ønskeleg med møte om fylkeskommunen si fråsegn, ta gjerne kontakt med saksbehandlar.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:
Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 28 03 52
Samferdsel: rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48
Automatisk freda kulturminne: arkeolog Arve Eiken Nytun, tlf. 71 28 03 25



NORCONSULT NORGE AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Att.Kristina Stendal Karlsen

Hareid kommune gnr41 bnr12 Detaljregulering for Kjøsaplassen Uttale ved oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er varsla om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Kjøsaplassen. Norconsult AS er utførande planrådgiar på vegne av Hareid kommune. Føremålet med planarbeidet er å regulere ny tilkomstveg til bustadfeltet Plassane, som er under utbygging, i tillegg til regulering av nye bustadtomter på 41/12. Innanfor planområdet er det etablert mellombels anleggsveg frå fylkesvegen til Plassane, og denne vegen ønsker ein å gjere permanent gjennom reguleringa.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Landbruk

Planområdet utgjer 7,5 dekar dyrkajord. Dersom ein ser bort frå den mellombelse anleggsvegen, er arealet godt arrondert for jordbruksdrift. I gjeldande kommuneplan for Hareid er arealet sett av til spreidd busetjing. Føresegnene for dette føremålet seier følgjande om slikt areal: *Det bør ikkje byggjast på dyrka jord. Frådeling må ikkje forringe arronderinga på jordbruksareala. Nye bustader bør definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal.* Sjølv om arealet ikkje er ein del av eit større jordbruksområde, utgjer det ein ressurs for matproduksjon. Jordvern skal vere ein vesentleg premiss i all arealforvaltning, og det er svært sterke føringar frå nasjonalt hald om å så langt råd unngå omdisponering av dyrka jord. Vi forventar at kommunen gjer greie for korleis jordvernet er vektlagt i si vidare handsaming av planen.

Når dyrka jord blir omdisponert, krev det høg arealutnytting. Vi stiller spørsmål ved om den mellombelse anleggsvegen kan gi god utnytting av området, og forventar at dette er eit tema i planarbeidet. Vi minner også om at ved omdisponering av dyrka jord må føresegnene stille krav om at matjordlaget blir tatt vare på, mellomagrast separat og tilbakeført til areal som skal nyttast til jordbruksproduksjon (helst) i nærområdet.

Støy

Redusert støyplage og helsekonsekvens grunna støy kan ein oppnå ved å planlegge for gode lydmiljø der menneske oppheld seg. Så tidleg som mogleg i planprosessen bør støyforholda avklarast, slik at støyforhold blir premissgivande for planlegging av busetnaden. Det må gjerast ei grundig vurdering av mellom anna lokalisering av ulike bruksføremål, plassering av bustadhus og planløyising.

Store deler av planområdet ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen. Det må difor gjennomførast ei støyfagleg utgreiing som skal gi tilstrekkeleg kunnskap om støysituasjonen og synleggjere behovet for tiltak mot støy. Støyutgreiinga skal bidra til at det utarbeidast konkrete og hensiktsmessige reguleringsføresegner tilpassa planområdet og støysituasjonen.

Utgreiinga skal innehalde:

- kart som viser støynivå på uteopphaldsareal etter utbygging - med og utan avbøtende tiltak
- kart eller figur som viser støynivå i relevante høgder på fasader - med og utan avbøtende tiltak
- skildring av avbøtande tiltak
- dokumentasjon på at grenseverdiane i tabell 2 og kvalitetskriterier for støyfølsam bebyggelse kan tilfredsstillast

Dette gjeld både tilfredsstillande støynivå innandørs, tilgang til eigna uteopphaldsareal med tilfredsstillande støynivå og stille side. Støyfagleg utgreiing som følgjer med reguleringsplanar eller i byggesaker, bør vise støynivå på 1,5 meters høgde (uteopphaldsareal) og støynivå for fasadepunkt i relevante høgder når dette er nødvendig for detaljplanlegginga. Vi viser elles til [T-1442/2021](#) (retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging) for meir informasjon.

Natur og miljø

Langs bekken/kanalen i vestkanten av planområdet er arealet etter kommuneplanen sett av til friområde. Det står i oppstartsdokumentet at vassdraget skal regulerast med grøn buffersone. Vi vil peike på at dette arealet også må omfatte ei tilstrekkeleg brei kantsone langs bekken, og føresegnene knytt til planføremålet må sikre at vegetasjonen i sona oppretthaldast. Sjølv om det gjeld ein liten bekk, kan slike små bekkedrag ha ein viktig funksjon for ulike mindre dyr og ferskvassorganismar og vere ein vandrekorridor for ulike artar.

Vi vil også minne om at utfordringar med til dømes flaum, overvatn og erosjon bør vurderast løyst gjennom naturbaserte løysningar, jf. rettleiaren [Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan](#) frå Miljødirektoratet.

Barn og unge

Dersom området byggast ut med bustader, må det sikrast at planen tar omsyn til oppvekstmiljøet for barn og unge. Det må setjast av eigna areal til leik, og planen må legge vekt på trafikktryggleik. Planområdet er sentrumsnært, og det må vere trygt for mjuke trafikantar å komme seg til både skule og aktivitetar. Føresegner som sikrar rekkefølge i utbygging er nødvendig. Vi viser elles til våre [råd om leikeplassar](#) som går nærare inn på kvalitetskrav til leikeareal.

Konklusjon

Vi ber om at merknadane våre blir fulgt opp i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
NVE			

NORCONSULT ASA
Vestfjordgaten 4

1338 SANDVIKA

Vår dato: 26.03.2025

Vår ref.: 202506695-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 52409050/Letter.dotx

Sakshandsamar: Ole Martin Bolset,
ombo@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart av detaljregulering - Kjøsaplassen, gnr.41 bnr.12 - Hareid kommune

Vi viser til brev datert 07.03.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kjøsaplassen. Føremålet med planarbeidet er å regulere ny tilkomstveg til bustadfeltet «Plassane», og nye bustadtomter på gnr. 41 bnr. 12. Ein planlegg at den nye tilkomsten skal ligge i same trasé som den mellombelse anleggsvegen som allereie er etablert.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Aktsemdsområde for kvikkleireskred

Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire jf. [NVE Atlas](#). Sunnfjord Geo Center skal ha gjennomført områdestabilitetsvurdering av planområdet, og i sjekklista for ROS-analyse står det at basert på utførte undersøkingar av grunnen er det eintydig dokumentert at det ikkje er kvikkleire eller sprøbrotsmateriale i grunnen innanfor tiltaksområdet. Det står også at tiltaket ikkje ligg innanfor eit mogleg løsne- eller utløpsområde.

Områdestabilitetsvurderinga er ikkje vedlagt varsel om oppstart, vi ber om å få denne oversendt ved offentlig ettersyn av planforslaget. Om vurderinga ikkje har nytta prosedyren i kapittel 3.2 i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#), rår vi til at denne prosedyren vert nytta så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.



Flaum og overvatn

I vestleg del av planområdet er det ein bekk som ikkje vert fanga opp av aktsemdkartet for flaum i [NVE Atlas](#). I arbeidet med ROS-analysen må likevel flaum og erosjon vere tema som blir vurdert. Vi viser til NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) som gir råd for vurdering av flaumfare.

Som ein del av vurdering knytt til flaum, må ein i planarbeidet vurdere overvatn. Denne planen har som formål å legge til rette for ein tilkomstveg til eit bustadfelt sør for planområdet. Dette området er ikkje ferdig utbygd.

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rettleiar 4/2022 «[Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#)» er laga for å støtte kommunane med å førebygge skade frå overvatn gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. NVE har også publisert rettleiar 2/2023 «[Kartlegging av fare for overvann](#)» som kan være til nytte i arbeidet.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Meld inn fareutgreiingar

Alle nye naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er pliktig å bli melde inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Frist for å melde inn er 3 månader etter at rapport er godkjend av uavhengig kvalitetssikrar eller oppdragsgjevar. Det som blir meldt inn vil bli teknisk gjennomgått av NVE, som deretter oppdaterer den offentlege kartdatabasen. NVE gjennomfører ingen fagleg kontroll eller vurdering av det som blir meldt inn før det blir lagt ut. Vi ynskjer framleis å få inn naturfareutgreiingar bestilt før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

**NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole Martin Bolset
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

NORCONSULT ASA

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
HAREID KOMMUNE



Statens vegvesen

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626

1303 SANDVIKA

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
25/67954-2

Deres referanse:
52409050

Vår dato:
13.03.2025

Uttale til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan – Kjøsaplassen gnr. 41 bnr. 12 i Hareid kommune – PlanID 20240003

Vi viser til brev av 07.03.2025.

Saken gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for ny tilkomstveg til bustadfeltet på Plassane og bustadbygging på gnr. 41 bnr.12.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre innspel til oppstartsvarslet

Vi har ikkje merknader til at det blir starta planarbeid her. Vi forutsett at krava i N100 blir følgt og at ein legg opp til at fortausløyisingane som er planlagt langs Melshornvegen blir vidareført fram til fylkesvegen.

Vi har elles ikkje fleire innspel i denne fasen av planprosessen.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Kristina Stendal Karlsen

Frå: Anne Kathrine Løberg <anne.kathrine.loberg@heroy.kommune.no>
Send: onsdag 2. april 2025 16:26
Til: Kristina Stendal Karlsen
Emne: Innspel til - Varsel om oppstart - Detaljregulering Kjøsaplassen, gnr 41/12 i Hareid kommune

Kategoriar: Filed by Archivr

You don't often get email from anne.kathrine.loberg@heroy.kommune.no. [Learn why this is important](#)

Ser at fristen for innspel gjekk ut førre fredag.

Eg håper likevel du kan ta med noko lite om dyrka jord og jordvern.

Det bør vere eit vilkår i detaljreguleringa i planen at dyrka jord vert tilbode gardbrukarar som skal nydyrke til jordbruksareal eller betre eksisterande jordbruksareal.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar
Landbruk

Landbrukskontor for Herøy – Ulstein - Hareid

Sentralbord: +47 70081300
Mobil: +47 90034380



www.heroy.kommune.no